

# Økonomi i kjeoppdrett på mjølkegeit

ved

**Jo Risløv**

Geitebonde og rekneskapsfører



Geitedagane 2015

# Kvifor fôra fram kje til slakt?

- For å sleppa å slå kjea i hel rett etter fødsel
- For at næringa skal ha eit godt omdøme
- For å auka overskotet frå gardsdrifta (?)
- Landskapspleie med slaktekje

# Strategiar for oppdrett

- Oppfôring med overskotsmjølk og mjølkepulver fram til ca 7 vekers alder, deretter slakting
- Mjølkefôring som over, og deretter beiteslepp, med slakting om hausten

I begge høve kan ein ta kjøtet i retur og selja det på eiga hand.

# Føresetnader for kjeoppdrett

- Plass i fjøsen
- Tid til å ta seg av kjea, i ein elles travel periode i fjøsen
- Godt opplegg for fôring av kjea (drikkeautomatar, kraftfôrtildeling, grovfôr og vatn)
- Beite (ved haustslakting)
- Lokale, utstyr, kjøle/fryselager ved eige sal av kje

# Kostnader til kjeoppdrett

## Direkte kostnader

- Mjølkeerstatning og/eller mjølk/råmjølk
- Grovfôr
- Kraftfôr

## Investeringar kostnadsført over fleire år

- Kjedrikkeautomat
- Fjøs
- Gjerde
- Lokale og utstyr ved foredling og eige sal

# Inntekter frå kjeoppdrettet

- Slakteoppgjer, inkludert slaktetilskot
- Beitetilskot
- RMP tilskot for innmarksbeite
- Eventuelt andre tilskot
- Overskot frå landskapspleie hjå andre?

# Fôrprisar

## Literpris ferdig drikke

Alternativ	1	2	3	4	5
Fôrmiddel	Pontus	Sprayfo	Denkamilk	Råmjølk	Geitemjøl
Pris pr sekk u/frakt	kr 870	kr 800	kr 830		
Frakt	kr 20	kr 20	kr 20		
Pris pr sekk u/frakt	kr 890	kr 820	kr 850		
Vekt pr sekk (kg)	25	25	25		
kg pulver / l ferdig drikke	0,15	0,1364	0,15		
Liter ferdig drikke pr kg pulver	6,67	7,33	6,67		
Liter ferdig drikke pr sekk	166,7	183,3	166,7		
Kostnad oppvarming 1 liter	0,05	0,05	0,05		
Pris pr liter ferdig drikke	kr 5,39	kr 4,52	kr 5,15	kr 0,00	kr 5,00

Pris geitemjøl er avhengig av om ein fyller kvoten eller ikkje.

Dersom ein fyller kvoten bør literprisen setjast til det det kostar å produsera nokre liter ekstra til oppføring av kje

Dersom ein ikkje fyller kvoten, må prisen setjast til det ein ville fått om ein leverte mjølka til meieri.

Med dagens prisar på mjølkeerstatning, er det kanskje like lønnsamt å nytte overskotsmjøl, men dette er meir arbeidskrevjande.

## Kraftfôr og grovfôr

Type	Formel Lam storsekk	Høy	Silo/rundball
Pris pr kg	kr 4,07	kr 4,00	kr 0,50

# Fôrbehov og vekt ved fri tilgang

**Tommelfingerregel: Ein halv sekk mjølkepulver pr. kje ved mjølkefôring i 6-7 veker.**

*Mjølkefôring (merka med grønt) er rimeleg greitt å rekna på. Når kjea blir eldre og et kraftfôr og grovfôr må ein sjå på fôropptak i kvart enkelt tilfelle i forhold til type og mengde fôr og tidspunkt for beiteslepp.*

Alder veker	Vekt kje kg	Mjølke liter pr dag	Akkumulert liter	Formel Lam kg pr dag	Akkumulert kg	Høy kg pr dag	Akkumulert kg	Surfôr kg pr dag	Akkumulert kg
0									
1	3,2	0,8	5,6	0	0	0	0	0	0
2	4,2	1,2	14	0	0	0,02	0,14	0	0
3	5,6	1,4	23,8	0	0	0,04	0,42	0	0
4	7,1	1,6	35	0,1	0,7	0,06	0,84	0	0
5	8,7	1,8	47,6	0,1	1,4	0,08	1,4	0,1	0,7
6	11	2	61,6	0,2	2,8	0,1	2,1	0,1	1,4
7	13	3	82,6	0,2	4,2	0,12	2,94	0,1	2,1
8	14	4	110,6	0,3	6,3	0,14	3,92	0,2	3,5
9	15	0	110,6	0,3	8,4	0,16	5,04	0,2	4,9
10	16	0	110,6	0,4	11,2	0,18	6,3	0,3	7
11	17	0	110,6	0,4	14	0,2	7,7	0,3	9,1
12	18	0	110,6	0,5	17,5	0,2	9,1	0,3	11,2
13	19	0	110,6	0,5	21	0,2	10,5	0,4	14
14	20	0	110,6	0,6	25,2	0,2	11,9	0,4	16,8
15	22	0	110,6	0,6	29,4	0,2	13,3	0,4	19,6
16	24	0	110,6	0,6	33,6	0,2	14,7	0,5	23,1
17	24	0	110,6	0,6	37,8	0,2	16,1	0,5	26,6
18	24	0	110,6	0,7	42,7	0,2	17,5	0,5	30,1
19	25	0	110,6	0,7	47,6	0,2	18,9	0,5	33,6
20	25	0	110,6	0,7	52,5	0,2	20,3	0,6	37,8



# Avrekningsprisar Nortura

		E+	E	E-	U+	U	U-	R+	R	R-	O+	O	O-	P+	P	P-
<b>LAM</b>	<b>-9,0 kg</b>	40,05	39,55	39,05	38,55	38,05	37,55	37,05	36,55	36,05	35,55	35,05	34,05	32,05	27,05	20,05
	<b>9,1-13,0 kg</b>	48,05	47,55	47,05	46,55	46,05	45,55	45,05	44,55	44,05	43,55	43,05	42,05	40,05	35,05	28,05
	<b>13,1-16,0 kg</b>	52,05	51,55	51,05	50,55	50,05	49,55	49,05	48,55	48,05	47,55	47,05	46,05	44,05	39,05	32,05
	<b>16,1-23,0 kg</b>	55,05	54,55	54,05	53,55	53,05	52,55	52,05	51,55	51,05	50,55	50,05	49,05	47,05	42,05	35,05
	<b>23,1-25,0 kg</b>	55,73	55,23	54,73	54,23	53,73	53,23	52,73	52,23	51,73	51,23	50,73	49,73	47,73	42,73	35,73
	<b>OVER 25,0 kg</b>	55,73	55,23	54,73	54,23	53,73	53,23	52,73	52,23	51,73	51,23	50,73	49,73	47,73	42,73	35,73
<b>UNG SAU</b>		27,46	26,96	26,46	25,96	25,46	24,96	24,46	23,96	23,46	22,96	22,46	21,46	19,46	14,46	12,46
<b>SAU</b>		24,36	23,86	23,36	22,86	22,36	21,86	21,36	20,86	20,36	19,86	19,36	18,36	16,36	13,36	11,36
<b>VÆR</b>		1,67	1,17	0,67	0,17	0,17	0,17	0,17	0,17	0,17	0,17	0,17	0,17	0,17	0,17	0,17
<b>GEIT</b>			7,59			6,59			5,59		4,59	3,59	2,59	1,59	0,79	0,29
<b>KJE</b>	<b>- 3,4 kg</b>		21,28			20,28			19,28		18,28	17,28	16,28	14,28	3,28	2,28
	<b>3,5 - 7,0 kg</b>		25,28			24,28			23,28		22,28	21,28	20,28	18,28	7,28	6,28
	<b>7,1 - 9,0 kg</b>		25,28			24,28			23,28		22,28	21,28	20,28	18,28	7,28	6,28
	<b>OVER 9,0 kg</b>		31,28			30,28			29,28		28,28	27,28	26,28	24,28	13,28	12,28

# Utrekningar av lønnsemd

- 1) Avla fram så mange kje som ein har råmjølk til
- 2) Setja på alle kje til slakt ved avvenjing
- 3) Setja på alle kje til slakt, med beiting om sommaren og slakting om hausten
- 4) Som utrekning 3, men med pris og tilskot som for lam
- 5) Som utrekning 3, men ta kjøtet i retur, handtera og selja det sjølv

# Utrekning I - Råmjølk

- Slaktekjea vert fôra med råmjølk fram til avvenjing og slakting ved 7 vekers alder
- Tal slaktekje vert tilpassa den mengda med råmjølke som ein har til disposisjon
- Kje ut over slaktekje og påsett blir avliva
- Dette gjev eit dekningsbidrag på kr 455 pr kje før arbeidsgodtgjersle

# Utrekning 2 - Mjølkeerstatning

- Alle kje blir sette på til liv eller slakta
- Slaktekjea vert fôra med råmjølk og Sprayfo fram til avvenjing og slakting ved 7 vekers alder
- Dette gjev eit dekningsbidrag (DB) på kr 263 pr kje før arbeidsgodtgjersle
- Det er kostnaden til mjølk/mjølke-erstatning som gjer at DB blir mindre enn i eksempel 1
- Dette DB er truleg for lågt til at det svarar seg å investera i fjøs

# Utrekning 3 - Haustslakt

- Alle kje blir sette på til liv eller slakt
- Kjeing i mars/april
- Slaktekjea vert fôra med råmjølk og Sprayfo fram til avvenjing ved 7 vekers alder
- Fri tilgang på kraftfôr fram til beiteslepp i ved 10 vekers alder
- 12 veker med beiting + 4 veker innefôring før slakting
- Dette gjev eit dekningsbidrag på kr 505 pr kje før arbeidsgodtgjersle
- Meir arbeidskrevjande enn eksempel 1 og 2 i tillegg til at ein treng meir beite og gjerde
- Regionale miljøtilskot (RMP) kan gje høgare dekningsbidrag
- Ein investering i kjefjøs kan vera lønnsam om ein ikkje reknar på eiga arbeidsgodtgjersle, og er villig til å driva med oppdrett av kje i mange år framover

# Utrekning 4 – Haustslakt ”lam”

- Som utrekning 3, men avrekningspris og slaktetilskot er sette til høvesvis kr 43,05 og kr 500 som for lam
- Dette gjev eit dekningsbidrag på kr 915 pr kje før arbeidsgodtgjersle
- Lønnsemda blir med dette betre
- Ei investering i kjefjøs vert truleg lønnsam samstundes som ein sit att med betre arbeidsgodtgjersle

# Eksempel 5 – Haustslakt m/retur

- Oppdrett som i utrekning 3
- Retur av heile skrottar for eiga oppskjering, pakking og sal
- Dette gjev eit dekningsbidrag på kr 1279 pr kje før arbeidsgodtgjersle
- Lønnsemda er god, men ein må ta høgde for meir arbeid, og eventuelt svinn
- Ein må ha kundar som kjøper alt kjøtet
- Det kan vera lønnsamt å investera både i kjefjøs og ekstra areal til handtering og pakkinga kjekjøt

# Diverse føresetnader

- Investeringskostnadene i utrekningane er usikre, og det er rekna med 33% investeringstilskot frå Innovasjon Norge
- Det er ikkje teke høgde for tap av dyr, til dømes på beite. For tapte dyr mistar ein inntektene på dyret, men sit att med kostnaden.
- Det er nytta eit slaktetilskot på kr 300 pr kje, sidan utrekningane må ta høgde for innteninga etter 2016.
- Det er føresett at ein legg forholda til rette slik at bruk av råmjølk til slaktekje ikkje fører til resmitte av livdyra.



# Bør ein bygge kjefjøs?

- Kva sit ein att med for arbeidet med bygging og oppdrett?
- Kan bygget nyttast til noko anna dersom kjeoppdrettet vert avvikla?
- Kan ein frigjere plass til fleire geiter og auka mjølkeproduksjon/mjølkeomsetnad om ein set kje og bukkar i eige fjøs?
- Finst det tomme fjøs i nabolaget som ein kan leige?
- Kan ein nabo med fjøs få og føre fram slaktekje for eigen rekning og risiko, på det vilkår at alle kjea blir slakta (livdyr må han betala for)

# Konklusjon

- Det lønner seg å bruke råmjølka til oppfôring av slaktekje
- Kjøp av mjølkeerstatning eller bruk av overskotsmjølk til oppfôring av alle kje, er lite lønnsamt med dagens tilskot og prisar
- Arbeidsgodtgjersle pr kje er låg
- Med kilopris på kr 43 og slaktetilskot på kr 500 pr dyr, som for lam, kan kjeoppdrett verta lønsamt, også ved investering i fjøs
- Det er mindre risikabelt og truleg billegare, å leiga fjøsplass enn å byggja fjøs til slaktekje
- Handtering og eige sal av kjøtet ser ut til å vera meir lønnsamt enn oppdrettet av kjea